

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.05.2021

SAKSHANDSAMAR: Øystein Helleseth, Joar Halbrend og Sjur Olav Sandal

SAKA GJELD: **Økonomisk langtidsplan 2022-2026**

ARKIVSAK: 2021/2648

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
25.05.2020

STYRESAK:
030/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2022-2026 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest RHF handsama i møte 17.06.2020 sak 083/20 Økonomisk langtidsplan 2021-2025. Det blei i denne saka fatta vedtak om ny rullering av langtidsbudsjettet våren 2021 med sikte på å handsame økonomisk langtidsplan (ØLP) for føretaksgruppa før sommaren 2021.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av langtidsbudsjettet:

- Helseføretaka rullerar ØLP i perioden januar til mai
- Helse Førde sin ØLP blir styrebehandla 25.05.21
- Føretak som har styrebehandling etter fristen 07.05.21, kan ta atterhald om godkjenning i styret ved oversending til Helse Vest
- Utkast til styresak skal sendast til Helse Vest for gjennomgang og kvalitetssikring av føresetnader og føringar, før denne blir send til dei respektive styra
- ØLP for føretaksgruppa blir samanstillt i slutten av mai 2021
- Handsaming av ØLP for føretaksgruppa i Helse Vest i styret 16.06.2020

For å sikre lik tilnærming til langtidsbudsjett ber Helse Vest om at helseføretaka nyttar felles mal både overfor eige styre og ved rapporteringa til Helse Vest. I budsjettprosessen har føretaket lagt vekt på involvering og forankring i organisasjonen, både i høve dei med resultatansvar samt tillitsvalde og vernetenesta. Prosessen er gjennomført ved at det vert sett rammer som klinikkane skal legge langtidsplanane sine innanfor. Koordinering av rammer og krav vert gjort av administrerande direktør i gjennomgang med klinikkdirektørane.

Helse Førde si viktigaste føring for ØLP er å sikre bereevne for nødvendige investeringar i bygg og utstyr.

For å sikre bereevne meiner administrerande direktør at Helse Førde må prioritere arbeid med:

- Effektivisering, som følgje av investeringar og endra organisering, som må hengje saman med framskriving av behov
- Implementering av regionale prosjekt med særleg vekt på informasjonsteknologi og uttak av dei gevinstane det gjev
- Tilgang på rett fagkompetanse framover
- God og systematisk økonomistyring

Covid-19-pandemien har, og vil, påverke aktiviteten og økonomien til Helse Førde også i 2021. Føretaket har fått ekstraløyvingar i 2021, men dette vil ikkje dekke dei økonomiske konsekvensane av pandemien. I 2020 fekk Helse Førde ekstraløyvingar som var større enn estimert konsekvens. Føringane er at vi må sjå effekten av pandemien samla for desse to åra. I ØLP er det lagt til grunn at i forhold til det økonomiske vil ikkje Helse Førde bli påverka av pandemien.

Helse Vest har sett i gang arbeidet med å revidere inntektsmodellen i det regionale føretaket. Då dette er eit pågåande arbeid som ikkje er ferdigstillt, er det ikkje innarbeidd i ØLP.

Vurderinga til administrerande direktør er at dette er vesentlege rammevilkår som kan påverke drift- og investeringsbudsjett på både kort og lang sikt. Dette vil bli vurdert nærare i samband med årsbudsjettet for 2022.

2. Føresetnader for langtidsbudsjett

2.1 Økonomiske føresetnader

Alle tal i langtidsbudsjettet er i 2021-kroneverdi og utan justering for pris og lønsvekst i perioden. Alle endringar i tala baserer seg på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Som hovudprinsipp nyttar HFD flytande rente i langtidsbudsjettet. Pandemien har medført stor uvisse knytt til korleis renteutviklinga vil vere dei neste åra, men rentebana vil følgje utviklinga i styringsrenta. Basert på prognosar frå Norges Bank, og med ein margin grunna usikkerheit, har Helse Vest fastsett at føretaka skal nytte følgjande renter i ØLP:

	2022	2023	2024	2025	2026
Renteprognose	1,5%	2,0%	2,1%	2,2%	2,3%

Denne føresetnaden gjeld både for driftskreditt og investeringslån med flytande rente.

Resultatkravet under er sett for at Helse Førde skal kunne gjennomføre investeringsplanane. Utgangspunktet er resultatkravet utarbeidd i samband med styret sitt vedtak for Livabygget i januar 2021. Det er gjort nokre mindre justeringar som følgje av endra lån av bereevne til Helse Vest IKT. Dette påverkar dermed ikkje investeringsevna til Helse Førde.

Resultatkrav	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Overskot i tusen kroner	34 000	24 000	28 000	-11 000	-24 000	-19 000

Investeringar og aktivering av investeringar i rekneskapen varierer over år. For å få jamn fordeling av innsparingskrav, og for å sikre tilstrekkeleg bereevne, varierer resultatkravet frå år til år.

2.2 Plangrunnlaget

Helse Førde yter spesialhelsetenester til innbyggjarane i Sogn og Fjordane med unntak av Gulen som får sine tenester frå Helse Bergen. Det er omlag 108 000 innbyggjarar i Helse Førde sitt opptaksområde.

2.2.1 Utvikling i behov for tenester

Helse Førde skal gi trygge og nære helsetenester til befolkninga for dei vanlegaste lidingane. Samansetjing av sjukdom i folkesetnaden og kva sjukdommar som dominerer sjukdomsbiletet, er i endring. Det vil bli fleire eldre med kompliserte lidingar som treng tverrfagleg behandling.

Sjukdommar som er venta å auke i åra framover, er muskel og skjelettlidingar, kreftsjukdommar, livsstilssjukdommar, infeksjonsrelaterte problem, psykiske lidingar og kroniske sjukdommar. Det er venta at nye medisinske metodar og teknologi vil gi betre og meir presis diagnostikk som vil redusere risiko for over- eller underbehandling.

Forventingane til helsetenestene aukar i takt med velstandsutviklinga i samfunnet og kva som kan behandlast. Det skjer ei stadig utvikling som gir eit gap mellom kva som er forventet, kva som kan behandlast medisinsk og kva ressursar som er til rådvelde for helsetenestene. Dette perspektivet må helseføretaket møte med auka fokus på rett medisinsk prioritering og rett ressursbruk.

Basert på SSB si framskriving av befolkningstala er det i planperioden venta ein liten nedgang i folketalet i Helse Førde sitt opptaksområde. Auke i tal eldre vil gje ein liten vekst i aktiviteten, medan

samhandlingsreforma føreset at fleire skal behandlast i kommunane. Det er såleis føresett ei årleg endring i aktiviteten knytt til ISF-inntekt på 0,0 prosent%.

2.2.2 Nasjonale og regionale føringar

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova):

- Pasientbehandling
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Opplæring av pasientar og pårørnde

Ei rekke dokument gjev sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av ØLP, som til dømes:

- Statsbudsjettet for 2021 gjev sentrale overordna føringar og viktige satsingsområde
- Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023
- Helse 2035/regional utviklingsplan 2019-2035
- Styringsdokumenta til helseføretaka
- Intensjonane i samhandlingsreforma vil framleis gje viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta

Utviklingsplanen til Helse Førde tek opp i seg overordna føringar og gir overordna retning fram mot 2035. Planen er under revidering i 2021. Føretaket arbeider med å oppfylle krav til behandling, som ventetider, fristbrot og korridorpasientar. I tillegg deltar Helse Førde i større regionale og lokale prosjekt og utviklingsarbeid for å tilpasse pasientforløpa innan akuttmedisin, flytting frå døgn til dag og poliklinikk og for å auke opp digitale og heimebaserte tilbod. Den gylne regel er også med på å setje ramme for utviklinga i føretaket.

Nasjonal helse og sjukehusplan har gitt tydelige føringar om å prioritere fire særleg utsette pasientgrupper. Dette er eldre skrøpelege, personar med kroniske lidingar, barn og unge og pasientar med alvorlege psykiske lidingar. I tillegg er akuttmedisin eit satsingsområde. Føretaka skal samarbeide med kommunane i helsefelleskap for å oppfylle desse forventningane. Dette arbeidet er starta.

I Helse Vest er det også sett i gang eit arbeid med fem store risikoområde som Helse Førde følgjer opp. Dette er uønska variasjon, IKT-tryggleik, ekstern turnover, vald og trugsmål og legemiddelavvik.

Det er i tillegg ei rekkje regionale planar som blir følgd opp. Mellom anna vil eit nytt planverk for rehabilitering og habilitering vil gje føringar for prioriteringane framover. Dette er også eit område der opplæring for pasientar og pårørnde er særskild viktig.

2.2.3 Helse 2035

Helse 2035 byggjer på fire hovudtema:

- Pasienten si helseteneste
Helse Førde har etablert eit eige program for å realisere overordna intensjonar om å gje pasientane betre tenester, meir medverknad og betre pasientopplevd kvalitet. Programmet omfattar teneste og organisasjonsutvikling. Nye Førde sjukehus er eitt av verkemidlane for å gje betre tenester i framtida, og pasientens helseteneste gir innspel til utbygginga. Det er høg merksemd på brukarmedverknad både på systemnivå (brukarutval og ungdomsråd) og ved å ha erfaringskonsulentar i det daglege. Dette arbeidet skal styrkast mellom anna ved kommunikasjonskurs for behandlarar. Samla skal utviklingsarbeidet sikre framtidsretta og gode tenester for pasientane i vårt opptaksområde. Dette arbeidet held fram for å sikre at tenester og framtidige utbyggingar heng saman.

- Eitt helsevesen
Helse Førde arbeider tett mot kommunane i opptaksområdet for å sikre at pasientane vert behandla på rett nivå. Det varierer framleis noko mellom kommunane kva som vert behandla kommunalt, og kva som vert behandla i spesialhelsetenesta. Arbeidet går i rett retning og kommunane har i stor grad klart å byggje ut eigne tenester. I tida framover vil det verte meir forpliktande og felles planlegging i helsefelleskap med kommunane.
- Utvikling av helsetenestene
Helse Førde arbeider med å redusere tal liggedøgn og auke dagbehandlinga. I tillegg arbeider føretaket med å auke tal konsultasjonar på video og anna digital oppfølging. Bruk av video kan auke mellom sjukehusa, samt mellom sjukehus og heimen til pasienten. Dette vil gi meir effektiv ressursbruk, og pasienten slepp ekstrabelastning med å reise til sjukehuset. Eit anna satsingsområde framover vil vere meir ambulante/heimebaserte spesialisthelsetenester.

Helse Førde har aktiv satsing på forskning og innovasjon, som også skal bidra til betre tenester.

- Medarbeidar, leiing og organisasjon
Helse Førde arbeider aktivt med å sikre rett tilgang på rett kompetanse i åra framover. Det er nyleg utarbeidd ein strategi knytt til rekruttering, utvikling og å halde på medarbeidarar. Det vert viktig å få ein rett samansett kompetanse når det vert knapt om fagpersonar, samt at behova vil endre seg i tida framover.

Det er ei utfordring å klare dette innanfor rammene. Administrerande direktør føreset i langtidsbudsjettet at Helse Førde vil klare å sikre rett kompetanse til den aktiviteten vi ventar framover.

2.2.4 Oppfølging av framtidige behov og føringar

Helse Førde vil arbeide aktivt for ei heilskapleg behandling til det beste for pasienten. Det skal skje innanfor Helse Førde sine rammer. Behandling skal skje med så effektiv ressursbruk som råd. Vi vil arbeide for at saumlaus behandling der primærhelsetenesta vert brukt aktivt. Det skal og vere saumlaus behandling mellom sjukehus og einingar i føretaket, og mot universitetssjukehus der dette trengs. Helse Førde skal desentralisere dei tenester ein kan, og sentralisere dei ein må. Det gjeld både mot andre og internt mellom einingar i føretaket.

Ventetider og kapasitetsutnytting

Langtidsplanen legg opp til å klare å ha gjennomsnittleg ventetid under 50 dagar i 2022. Det er i tillegg lagt opp til å nå måltal om kortare ventetid innan psykisk helsevern. 35 dagar for psykisk helsevern for barn og unge (BUP), 30 dagar for tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB) og 40 dagar i psykisk helsevern for vaksne.

Vidare er det lagt inn mål om:

- Ingen fristbrot
- Ingen korridorpatientar
- Redusert median tal dag frå tilvising er mottatt, til behandling er starta
- Bruken av tentative timar skal avviklast
- Auka tal standardiserte pasientforløp i samsvar med nasjonale retningsliner
- Framleis god samhandling med kommunane og vidareutvikling via helsefelleskapa
- Framleis god samhandling med andre helseføretak

Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Første byggetrinn i prosjektet Nye Førde Sjukehus var nytt bygg for psykiatri. Bygget er ferdigstilt og tatt i bruk i mars 2021. Dette vil gje eit betre helsetilbod for pasientar innafør psykisk helsevern. Psykisk helsevern for barn og unge i Sunnfjord og Ytre Sogn er flytta frå leigde lokale i Førde til nybygget. I tillegg tilbyr vi tre senger i ny tryggleikspost. For alle seksjonane vil ein, i tillegg til betre lokale, også komme nærare dei somatiske seksjonane det er naturleg å samarbeide med. Dette vil sikre betre samhandling i behandlinga av somatiske og psykiske sjukdommar.

Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Gjennom systematisk arbeid i pasientens helseteneste samt gode fysiske lokalitetar, sikrar ein god kvalitet på behandlinga. Helse Førde følgjer til kvar tid opp alle tenester i føretaket for å sikre god kvalitet i alle ledd. I planen for dei næraste åra ligg det i tillegg til Nye Førde Sjukehus også inne å gjennomgå behova ved Lærdal sjukehus. Det vert sett både på fysiske lokale og tenestetilbodet.

Regionale prosjekt som Alle møter, ODA og KULE bidreg også til styrka kvalitet ved å gje enklare og betre tenester og tryggare IKT-system. Samarbeid med kommunal helse- og omsorgsteneste er viktig for trygg og nødvendig utveksling av informasjon som bidreg til meir saumlause tenester. Føretaket planlegg å auke satsinga på forskning, noko som også skal bidra til å styrke kvaliteten på sikt. Legemiddelrelaterte studier vil mellom anna vere eit viktig område framover.

Implementere fleire pakkeforløp

Det vert arbeidd med fleire pakkeforløp både i somatikk og innanfor psykisk helsevern. Arbeidet vil halde fram i åra framover. Det er viktig for å Helse Førde å trekke på den kunnskapen som er opparbeidd ved bruk av pakkeforløp spesielt innanfor kreft.

Samarbeid med kommunane om tidleg hjelp og heilskaplege tenester

Helse Førde har lagt ned mykje arbeid i å få til god samhandling med kommunane, og ønskjer å styrke dette samarbeidet i tida framover. Etablering av helsefelleskap vil krevje endå tettare og meir forpliktande samarbeid med kommunane, mellom anna om prioriterte pasient-/brukargrupper og ved vidareutvikling av samarbeid om den akuttmedisinske kjeda.

Det vil bli arbeidd med at alle pasientar som treng komplekse eller langvarige og samordna tenester, vil få oppnemnd koordinator.

Anna viktig samarbeid framover.

Det er viktig for Helse Førde å ha god oppgåvefordeling også mot universitetssjukehus (HUS), andre helseinstitusjonar og private avtalespesialistar. Dette skal sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane rett behandling til ei kvar tid.

Helse Førde vil aktivt samarbeide med UH-sektoren om utdanning av helsepersonell. Når det gjeld legar og anna spesialisering er det viktig med godt samarbeid med Universitetet i Bergen og m.a. Helse Bergen. For å sikre tilgang på anna helsepersonell, er godt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet eit viktig og avgjerande bidrag. Samarbeid med fylkeskommunen om lærlingar og elevar frå vidaregåande skular er også sentralt. Samarbeidet med UH-sektoren er vidare sentralt for forskning og innovasjonsaktiviteten i føretaket, og i samarbeidet om innovasjon vert i tillegg næringslivet stadig viktigare.

Helse Førde arbeider og aktivt for å sikre likeverdige og saumlause tenester innanfor føretaket. All den tid føretaket er lokalisert på fleire geografiske plassar, er det viktig å bygge opp om felles kultur og samhald. Vi skal ha «ei dør inn,» sjølv om pasientane fysisk møter på ulike stader. Virtuelle løysingar (videomøte, digital samhandling) som kan støtte opp om faglege samarbeid, blir difor stadig viktigare.

2.2.5 Personell og kompetanse, bygg, MTU, teknologi og anna viktig infrastruktur

Personell og kompetanse

Den medisinskfaglege og teknologiske utviklinga i spesialisthelsetenesta endrar krav til kompetanse og kompetansesamansetjing i føretaket. For at Helse Førde skal tilby rett og god behandling, er det heilt sentralt at helsepersonell i framtida har kunnskap, ferdigheiter og haldningar som bidreg til effektive helsetenester. For å møte utfordringane er det nødvendig å tenke nytt både om utdanning, rekruttering, oppgåvedeling, kompetanseutvikling, tverrfagleg samarbeid og måten ressursane vert nytta på.

Utviklingstrekk i samfunnet viser at det innan helse- og omsorgstenesta kan bli store kompetanse- og personalmessige utfordringar dei næraste ti åra. Utfordringa vil i hovudsak vere knytt til rekruttering av tilstrekkeleg tal sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar, helsefagarbeidarar, bioingeniørarar og legespesialistar innan enkelte spesialitetar. Med fleire behandlingsstader og mindre folkegrunnlag er det utfordrande til ei kvar tid å ha tilstrekkelig fagpersonell og spesialistar til å dekke opp vaktordningar som vert kravd.

Langtidsplanane legg opp til noko redusert bemanning, då vi skal bruka noko meir av dei økonomiske ressursane på investeringar i bygg og utstyr. Dette blir ei stor utfordring, fordi vi på same tid må skaffe ny kompetanse på enkelte område.

Bygg

Nye Førde Sjukehus er vedteke med ei kostnadsramme på 1,52 milliardar 2015-kroner. I styresak 8/2021 vart ramma endra noko, og administrerande direktør fekk fullmakt til inngå kontrakt for gjennomføring av Livabygget i åtte etasjar og Svana 1. Ramma for heile prosjektet er i 2021-kroner 1,906 milliardar.

Helse Førde set krav til at einingar som får nye bygg, skal redusere driftskostnadene. Reduksjonen i kostnader vil variere alt etter kor lite effektive dagens bygningar er, samt om det nye arealet legg til rette for effektivisering. Vurderingane som ligg inne i langtidsbudsjettet for næraste fem åra, er i nedre delen av det vi forventar. Det vert fortløpande arbeid med å få lokala tilpassa slik at ein får lågast mogleg driftskostnader i framtida.

Medisinskteknisk utstyr

Helse Førde arbeider med å ha så låge investeringar til medisinskteknisk utstyr som råd dei åra vi investerer i bygg. I prosjektet Nye Førde Sjukehus ligg det inne kjøp av utstyr, dette fordi det ofte ikkje er formålstenleg å flytte gammalt utstyr på grunn av store kostnader med demontering og montering. Det er derfor betre å ta ut levetida i gamle lokale og så kjøpe nytt når ein flyttar inn i nytt bygg.

Samstundes akselererer utviklinga innan teknologi og krev at vi investerer i tide. Medisinskteknisk utstyr smeltar i aukande grad saman med elektronisk pasientjournalssystem og digitale verktøy. Innføring av regionale prosjekt som Alle møter, KULE og ODA involverer i stor grad medisinskteknisk utstyr. Byggutviklinga krev at vi tenkjer framover og syter for at grunnstruktur som for eksempel 5G og trådløs wifi er tilgjengeleg for alle. Dette er også viktig for å observere pasientar i heimen. Heimesjukehus vil bli stadig meir aktuelt framover og inneber at pasienten har medisinskteknisk utstyr heime. Det er etablert ei ressursgruppe for teknologi som skal følgje med på og koordinere behova inn mot Nye Førde sjukehus.

Når det gjeld kjøp av ambulansar prøver Helse Førde å ha ei jamn utskifting over tid. Dette gir god økonomi og enkel, føreseieleg administrasjon for einingane. Fornyng av bilparken var noko forsinka som følgje av nasjonal anbudsprosess, men dette er no på plass.

Teknologi og anna viktig infrastruktur

IKT er eit av dei store satsingsområda i helsetenesta både nasjonalt og regionalt. Investeringsnivået stiller krav til helseføretaka, som skal delta både i utvikling og implementering av nye løysningar.

Investeringsnivået gir høgare kostnader for helseføretaka i form av drift, forvaltning og avskrivningar.

Samtidig er det forventningar om økonomiske og/eller kvalitetsmessige gevinstar i forhold til pasientbehandling. Ansvar for gevinstrealisering er historisk lagt til linjeleiinga, men ein arbeider no med ein meir strukturert tilnærming for å støtte linja og følgje dette tettare opp.

Større prosjekt som vi arbeider med og der delar av løysinga er innført:

- Pasientflyt og ressursar (Imatis), som er ein del av Alle møter sitt delprosjekt Vel møtt
- Overgang til DIPS Arena (ODA-prosjektet). Vart innført 01.01.2021 i psykisk helsevern og er planlagt innført i somatikken 01.01.2022.
- Alle møter – fleire delprosjekt som Innsjekk og betaling, Finne fram, Vel møtt, Vel heim,
- Vestlandspasienten.
- KULE (Kurve og legemiddel)
- LIBRA (logistikk, innkjøp, budsjett, rekneskap, anskaffing)
- Felles laboratoriesystem
- Prehospital EPJ

Det er også nye prosjekt under planlegging som vil komme dei neste åra, mellom anna:

- Digitalisering av sterilsentral
- Operasjonsplanlegging
- Digital internkommunikasjon og samarbeid
- Byggeprosjekt til FDVU
- Ikkje-medisinsk støtte

Føretaket har dei siste åra etablert eit team av prosjektleiarar som er sentrale i desse prosjekta. I tillegg er det allokert ressursar til å ivareta krav om lokalt arkitekturkontor og lokal porteføljestyring. I samarbeid med linja vert det laga planar for effektiv bruk av nye verktøy.

3. Økonomisk langtidsplan 2022-2026

ØLP tek utgangspunkt i budsjettet for 2021. Alle tal i langtidsbudsjettet er i 2021-kroneverdi. Alle endringar i tal er basert på reelle endringar og ikkje prisendringar.

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	Langtidsbudsjett					
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Basisramme	2 086 293	2 086 293	2 086 293	2 086 293	2 086 293	2 086 293
ISF eigne pasientar (inkl. kostn.krev. legem. utenf. sjukeh.)	740 465	740 465	740 465	740 465	740 465	740 465
Gjestepasientar	29 062	29 062	29 062	29 062	29 062	29 062
Polikliniske inntekter	45 226	45 226	45 226	45 226	45 226	45 226
Øyremerka tilskott	54 066	54 066	54 066	54 066	54 066	54 066
Andre driftsinntekter	170 607	170 607	170 607	170 607	170 607	170 607
Sum driftsinntekter	3 125 719	3 125 719	3 125 719	3 125 719	3 125 719	3 125 719
Kjøp av helsetenester	164 468	161 824	163 311	166 060	164 472	164 532
Varekostnader knytta til aktiviteten i føretaksgruppa	320 647	325 035	330 007	335 616	341 918	349 213
Innleigd arbeidskraft - del av kto 468	18 003	18 003	18 003	18 003	18 003	18 003
Lønn til fast tilsette	1 497 046	1 482 163	1 467 639	1 451 206	1 431 593	1 413 273
Overtid og ekstrahjelp	121 828	119 967	119 967	119 967	119 967	119 967
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	241 854	241 854	241 854	241 854	241 854	241 854
Offentlige tilskudd og refusjonar vedr arbeidskraft	-66 676	-66 676	-66 676	-66 676	-66 676	-66 676
Annen lønn	226 081	225 580	225 097	224 592	224 085	223 586
Avskrivningar	82 500	94 391	94 060	117 874	142 825	144 438
Nedskrivning	0	0	0	0	0	0
Andre driftskostnader	483 968	495 111	501 642	506 804	509 747	511 917
Sum driftskostnader	3 089 719	3 097 252	3 094 904	3 115 300	3 127 788	3 120 107
Driftsresultat	36 000	28 467	30 815	10 419	-2 069	5 612
Finansinntekter	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Finanskostnader	4 000	6 467	4 815	23 419	23 931	26 612
Finansresultat	-2 000	-4 467	-2 815	-21 419	-21 931	-24 612
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	34 000	24 000	28 000	-11 000	-24 000	-19 000

EBITDA	114 500	113 924	119 245	85 455	96 894	100 826
Endring EBITDA		-576	5 321	-33 790	11 439	3 932

Utvikling i resultatrekneskaper er basert på venta utvikling i åra framover. Det er stilt krav til klinikkane om innsparing som følgje av planlagde investeringar og prosjekt. I tillegg har klinikkane fått generelle innsparingskrav som må løysast innanfor dagens budsjett.

Det er ikkje gjort endringar i inntektene ut frå føresetnadene om at aktiviteten ikkje skal auke.

Det er venta ein liten reduksjon i kjøp av helsetenester, då det er først i 2021 vi får heilårseffekt av ny tryggleikspost i psykisk helsevern. Desse pasientane fekk fram til det nye tilbodet var på plass, behandling i andre helseføretak.

Veksten i varekostnader er spesielt knytt til medikamentkostnader og medisinsk heimebehandling på til saman 48 millionar. Samla er ikkje veksten så høg då det er venta gevinst knytt til LIBRA, andre IKT-prosjekt og prosjekt knytt til oppfølging av medikament. Samla forventet vekst i varekostnad er 28,5 millionar.

Helse Førde skal dei neste fem åra redusere personalkostnader med ca. 84 millionar kroner, noko som utgjør 4,3 prosent av samla personalkostnader. I førre langtidsbudsjett var innsparing i ein femårsperiode 2,7 prosent. Av dette er det venta at kring 15 millionar er knytt til drift i Nye Førde Sjukehus. Dette gir Helse Førde utfordringar dei næraste fem åra, då vi samtidig skal styrke pasientbehandlninga utan å kunne vente auka inntekter.

Andre driftskostnader aukar i perioden og heng saman med at Helse Førde sine kostnader til IKT. Oversikta frå langtidsbudsjettet i Helse Vest IKT gir følgjande auke i kostnadene framover.

Målt mot 2021 (I tusen kr)	2022	2023	2024	2025	2026
Helse Vest IKT	11 143	17 674	24 086	28 279	30 449

Avskrivningane aukar framover i takt med at vi ferdigstiller byggeprosjekt.

Målt mot 2021 (I tusen kr)	2022	2023	2024	2025	2026
Avskrivningar	11 891	11 560	35 374	60 325	61 938

Finanskostnader aukar framover i samband med ferdigstilling av nye byggetrinn i Nye Førde sjukehus. Nedgangen i 2023 er på grunn av kapitalinnskot HV som er øyremerka nedbetaling av gjeld. Det er estimert at Helse Førde får 234 millionar.

Målt mot 2021 (I tusen kr)	2022	2023	2024	2025	2026
Finansresultat	2 467	815	19 419	19 931	22 612

4. Investering og finansiering

4.1 Kontantstraum for å dekke investeringar

Helse Førde sitt langtidsbudsjett gir høve til å investere vesentlege beløp i varige driftsmidlar. Helse Førde har negativ bereevne i åra 2021 til og med 2024, deretter positiv bereevne. Dette ser ein på linja «Lån frå Helse Vest». I utgangspunktet har vi nok likviditet, men enkelte år kan det vere behov for å låne inntil 50 millionar frå Helse Vest då ein ikkje kan nytte kassekreditten til å handtere investeringar.

Kontantstrøm til å dekke investeringar: Beløp i heile tusen kroner	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Utvidet LTB periode ved store investeringar				
	2027	2028	2029	2030	2031						
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-11 000	24 000	28 000	-11 000	-24 000	-19 000	-16 000	-17 000	-10 000	-3 000	-5 200
+ Avskrivning/nedskrivning	82 500	94 391	94 060	117 874	142 825	144 438	150 601	157 577	156 520	157 560	156 350
= Kontantstrøm fra driften	71 500	118 391	122 060	106 874	118 825	125 438	134 601	140 577	146 520	154 560	151 150
- Resultatawik 2019	0										
+ Nedskrivning 2019	0										
+ Opptak av nye lån	165 000	200 000	200 000	150 000	48 590	0	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-14 928	-17 885	-239 846	-11 965	-20 867	-21 240	-22 203	-22 714	-23 237	-23 771	-24 317
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-9 079	-8 587	-7 300	-4 425	-2 635	-594	0	0	0	0	0
+ "Lån frå Helse vest"	55 000	60 000	28 000	12 000	0	31 000	-6 000	-52 000	-57 000	-65 000	-6 000
+ Utdeling av likviditet frå Helse Vest	0	0	234 000	0	0	0	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra 2019	34 305										
+/- annet	14 340	60 750	27 920	-7 970	-3 620	0	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	316 138	412 669	364 834	244 514	140 293	134 604	106 398	65 863	66 283	65 789	120 833

Investeringar (må spesifiseras i eget ark): Beløp i heile tusen kroner	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
Bygg - tilgjengelig ramme	269 600	377 300	314 000	211 700	105 400	92 300	47 931	18 000	18 000	18 000	18 000
Medisinteknisk utstyr	31 200	22 800	38 300	20 800	19 100	32 200	45 769	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	15 000	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700	12 700
Sum investeringar	315 800	412 800	365 000	245 200	137 200	137 200	106 400	65 700	65 700	65 700	65 700

Investeringsbeløpet er utan renter som skal aktiverast. Renter er medteke i oppstilling som viser investeringsplan nedanfor.

4.2 Investeringsplan 2022 – 2026

På investeringsplanen for dei kommande fem åra er investeringsbehovet særleg knytt til fem område:

- Nye Førde sjukehus – lokale for somatikk
- Bygg infrastruktur
- Arealplan Lærdal sjukehus
- Medisinsk teknisk utstyr
- Ambulansar

Totalt er det i femårsperioden foreslått investeringar for 1 319,2 millionar. Administrerande direktør har følgjande framlegg til investeringsplan 2022-2026:

Investeringsplan for Helse Førde 2022-2026

Område	Investeringsområder (tal i millionar kroner)							Sum 5 år 2022-26
		2021	2022	2023	2024	2025	2026	
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	11,6	12,6	14,6	16,6	14,6	17,0	75,4
	Arealplan LSH	7,0	2,0					2,0
	Nye Førde sjukehus - bygg og inventar	250,0	361,7	298,4	194,1	89,8	74,3	1 018,3
	Nye Førde sjukehus - MTU	6,2	10,8	26,3	8,8	3,1	5,2	54,2
	Nye Førde sjukehus - renter byggelån	2,3	6,3	13,4	0,5	1,6		21,8
	Sum nybygg/ombyggingar	278,1	394,4	353,7	221,0	110,1	97,5	1 176,7
Medisin teknisk utstyr	MTU	25,0	12,0	12,0	12,0	16,0	27,0	79,0
	Sum medisin teknisk utstyr	25,0	12,0	12,0	12,0	16,0	27,0	79,0
IKT-investeringar	IKT infrastruktur	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	4,5
	IKT utstyr	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	9,0
	Sum IKT-investeringar	2,7	2,7	2,7	2,7	2,7	2,7	13,5
Andre investeringar	Ambulansar	12,3	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum andre investeringar	12,3	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0
	Sum investeringar	318,1	419,1	378,4	245,7	138,8	137,2	1 319,2

Nye Førde sjukehus

Helse Førde vedtok bygningsmessig utviklingsplan i 2015. Saman med Helse Førde sin utviklingsplan har dette vore, og er framleis, styrande for prioriteringane ved utarbeiding av langtidsbudsjettet. Investeringsplan er godkjend i Helse Vest og lånesøknad fekk startløyving i statsbudsjettet for 2017.

NFS-prosjektet omfattar både bygg og medisinskteknisk utstyr. Når Dagabygget no er ferdigstilt, vil midlane i langtidsbudsjett i hovudsak gå til den nye høgblockka Livabygget, som mellom anna skal huse sterilsentral, sengepostar med einerom, og spesialrom for poliklinikk sengesentral, operasjon og sengepostar. I tillegg til Livabygget ligg det inne midlar til å starte ombygging av Svanabygget (lågblock), for seinare å kunne kople Livabygget saman med Svanabygget.

Kostnadsramme for NFS er i styremøte den 29.01.2021 sett til 1,906 milliardar. Rentekostnader for prosjektet er ikkje inkludert i kostnadsramma. Låneramme for prosjektet er utan rentekostnader, rentekostnader vert tillagt lånet, utover løyvd låneramma.

Bygg infrastruktur og funksjonsendring

Posten er prioritert med 80,4 millionar og skal dekke brannsikring og investeringsbehov som ikkje har eigne postar i investeringsplanen.

Arealplan Lærdal

Posten er prioritert med 2 millionar i perioden 2022-2026. Dette er restmidlar for å fullføre arealplanen. Prosjektet har unytta midlar frå 2020 og 2021, og mykje av prosjektet vil realiserast i løpet av 2022 og 2023.

Medisinskteknisk utstyr

Samla er MTU tilgodesett med 133,2 millionar i planperioden. Av dette er 54,2 millionar knytt til investeringar gjennom Nye Førde sjukehus.

IKT

Det er sett av 13,5 millionar til IKT-investeringar i planperioden. Dette vil i stor grad gå til IKT-utstyr knytt til dei store innføringsprosjekta og utbygging av nødvendig IKT-infrastruktur.

Ambulanse

Ambulansetenesta har rundt 34 bilar i operativ teneste. I løpet av våren 2021 får Helse Førde totalt 13 nye ambulanser. Desse er finansiert av løyvingar til nye ambulansar i 2019, 2020 og for 2021. Det har vore forseinkingar knytt til nasjonale rammeavtalar og leveransevanskar grunna covid-19. Det er viktig at vi i åra framover held fram med kontinuerleg utskifting av bilparken, og at vi dermed får redusert driftskostnader, alder og kilometerstand på bilparken.